

**SKULEEKSAMEN I**  
**SOS4010 – KVALITATIV METODE**

**24. oktober 2008**  
**(4 timar)**

Ingen hjelpemiddel er tillatne under eksamen.

Sensuren fell fredag 14. november kl. 14.00. Sensuren kan sjåast på Studentweb frå ca. kl. 14.30 same dagen.

Sensuren blir rekna som motteken av studentane når den blir slått opp, med mindre gyldig fråvær kan dokumenterast. Vi minner om at kandidatar som ønskjer grunngiving må søkje om dette til instituttet **seinast 1 veke** etter sensur har falle. Frist for å klage på karakteren er tre veker etter sensur har falle.

Oppgåva er på **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både originalen og kopien av oppgåvesvaret.

Hugs å notere deg kandidatnummeret ditt.

**LUKKE TIL!**

**Du skal svare på både oppgave 1 og oppgave 2. I oppgave 2 svarer du på enten oppgave 2A eller 2B. Oppgave 1 tel 1/4 og oppgave 2 tel 3/4 av den endelege karakteren.**

**NB! Ein sensor skal lese kopien av oppgavesvaret også. Skriv slik at den blir leseleg.**

## **Oppgave 1**

**Vis kort kva som meinest med følgjande tre omgrep:**

- 1.) Validitet
- 2.) Teori
- 3.) Reliabilitet

## **Oppgave 2**

**Svar på ein av dei to følgjande oppgåvene;**

ANTEN

- a.) Trass i eit politisk ønske om utjamning mellom kjønna på utdanningsløp, er det framleis få jenter som søker seg til teknologiske studiar, og få gutar på helse- og sosialfag. Lag eit design for ein kvalitativ studie om kjønn og utdanningsval. Legg spesielt vekt på forholdet mellom teori og metode.

ELLER

- b.) Diskuter tydinga av å ha eit teoretisk utgangspunkt for utvikling av design og metode. Gi eksempel frå pensum, og eventuelt frå andre kjelder.

**LUKKE TIL**